

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 01.12.2023

Vår ref.: 202310737-7 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Randi Holme / rho@nve.no

Karianne Rognhaugen / kirr@nve.no

Avgrensa høyring av detaljplan for miljø og landskap - Svoldal kraftverk AS - Kvinnherad kommune

I brev datert 15.11.2023 mottok Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) detaljplan for miljø og landskap frå Fatland kraft AS for bygging av Svoldal kraftverk i Kvinnherad kommune. No sender vi detaljplanen på høyring, og ber om at merknader til planen vert sendt til NVE seinast innan 10.01.2024.

Konsesjonen ligg fast

NVE mottok søknad om konsesjon til bygging av Svoldal kraftverk 13.08.2019. NVE avslo konsesjonssøknaden, og vedtaket vart klagt på av Fatland kraft AS. NVE opprettholdt sitt vedtak om avslag og sende saka til endeleg avgjerd i Olje- og energidepartementet (OED). Løyve til å bygge Svoldal kraftverk er gitt i OED sitt vedtak datert 24.03.2023. Dette er eit vedtak som det ikkje kan klagast på jf. forvaltningslova § 28 tredje ledd, første punktum. Konsesjonen ligg til grunn for denne høyringa, og sjølve konsesjonsspørsmålet er difor ikkje gjenstand for ny høyring.

NVE sender detaljplanen på ei avgrensa høyring til kommunen, Statsforvaltaren og fylkeskommunen.

I tillegg vert høyringsbrevet sendt i kopi til partar som var orienterte om NVE sitt avslag på konsesjonssøknaden. Dette som orientering om at det føreligg eit løyve til å byggje Svoldal kraftverk. Dersom nokon av dei som mottek detaljplanen som orientering ønskjer å sende uttale til detaljplanen, er det høve til det.

Korleis følgjer NVE opp detaljplanen for miljø og landskap?

Detaljplanen for miljø og landskap som er lagt fram skildrar korleis det er planlagt å bygge det konsesjonsgitte anlegget. Bygging av anlegget er underlagt offentleg tilsyn. Det er NVE som utøver tilsynet og jf. post 4 i konsesjonen skal vi godkjenne detaljerte planar for miljø og landskap før arbeida tek til. Vi kontrollerer at arbeida skjer i samsvar med konsesjonsvilkår, godkjende planar, og at anleggsområda vert rydda forsvarleg opp og sett i stand.



Kva ønskjer vi tilbakemelding på frå høyringspartane?

Detaljplanen er tilgjengeleg på NVE sine nettsider: www.nve.no/8378/V.

Vi ber høyringspartane om å uttale seg om relevante tema innfor dykkar forvaltningsområde og behov for særskilde løyve eller dispensasjon innfor forvaltningsområda dykkar.

Konsesjonæren har ansvar for å avklare privatrettslege forhold med alle som har rettar i området, og for å innhente nødvendige løyve etter anna lovverk før arbeida tek til.

Forholdet til plan- og bygningslova

Vassdragsanlegg med konsesjon etter vassdragslovgjevinga er med heimel i forskrift om byggesak § 4.3 unnatekne frå byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova. Detaljplanen for miljø og landskap skal vere avklart i forhold til kommuneplanen sin arealdel eller gjeldande reguleringsplanar. Vi gjer merksam på at vilkåret for å gi dispensasjon alltid vil vere til stades for tiltak som har konsesjon etter vassressurslova, vassdragsreguleringslova eller energilova, jf. Lovkommentar til plandelen av plan- og bygningslova, revidert utgåve 2022.

Frist for høyring er 10.01.2024

Send fråsegna til uttalelse@nve.no, og merk henne med «Fråsegn» og saksnummer 202310737 i emnefeltet.

Som del av NVE si handsaming vert fråsegner, eller deler av fråsegner, referert i utgåande brev. Dersom ho er lang er det ein fordel at det vert utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette. Uttalar er offentlege dokument. Sentrale saksdokument vert lagt ut på NVE sine nettsider.

Med helsing

Mari Hegg Gundersen
seksjonssjef

Randi Holme
senioringeniør

Dokumentet sendes utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar

Mottakarliste:

KVINNHERAD KOMMUNE
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE



Kopimottakarliste:

Bergen og Hordaland Turlag

Småkraftkonsult AS

FATLAND KRAFT AS

KVINNHØRAD TURLAG

FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV HORDALAND

Friluftsrådet Vest

Folgefonna nasjonalparkstyre